

## Jappar, nytt namn på spekulantar?

Av Sigurd Lyngstad  
6826 Viksdalen

Det økonomiske systemet med renter og spekulasjon som er gjort «lovleg», er klårt i strid med moral og sanne livslover. Og frukterne av dette må ein vel no klårt kunne sjå. Folket blir drive bort frå sitt sunne og sanne livsgrunnlag som her i landet er jorda, skogen og havet. Det er bonden og fiskaren som har forma det norske folket som måtte leve på dei kår naturtilhøva gav.

Her kunne vera uår, men dette vart rekna med. Dei fleste prøvde å ordne seg slik at dei hadde litt meir enn frå hand til munn og frå år til år. Men elles var ikkje naturen meir lunefull enn ein kunne rekne med, og difor innrette seg etter. Og dette sette sitt merke på folket som hadde tru på at «gjer eg mitt gjer Vårherre sitt». Folk flest var ærlege og å lite på. «Eit ord er eit ord, ein mann er ein mann».

Men her har kome ei anna tid. Jorda som var det sikre, er det ikkje lenger. Den har vorte kasteball for pengedyrkarane.

«All kultur er dyrking, først og

fremst av jord.» Men i dag går det under namn av kultur som heller er det motsette: ukultur.

Frå å vere eit sant kultur-skapande folk med lyst til å arbeide og skape, yte noko, «setje tæring etter næring», har mange vorte slik omsnudda at dei trur alt stend eller fell med meir eller mindre pengar. Det er ikkje lenger so viktig å vere sjølvhjelp. Dei mest krevjande synest kome best fram.

Nei, å setje tæring etter næring er gløymt. 15 000 kroner i overforbruk på eitt år for kvar person er vitnemål om stoda, og folket i dag.

Spørsmålet er: Vil det norske folk atter reise seg, eller skal forfallet få halde fram? Før var tanken ikkje å forringe, men betre livsgrunnlaget for dei som skulle kome etter. For den norske bonden var det ei æressak ikkje å overlate garden dårlegare – nei, helst skulle det vere betre enn ved overtakinga.

Ei slik livshaldning var det som bar landet og folket fram og opp. Berre ei fornying av den gamle gode byggjande tanke og gjerd kan atterreise sann kultur og sope jappekulturen ut. Den er ikkje

sann kultur, ikkje livsbyggjande, men nedbrytande.

Det har ei tid vore so mykje om å gjere og verte store og meir effektive. Jordbruket skulle verte meir «rasjonelt» med nedlegging av bruk til føremon for store, «be-rekraftige bruk». Men kven har yunne på dette?

Ikkje småbonden som måtte slutte, og heller ikkje den som vart større. Den siste vart bunden til meir og meir kostsamt driftsutstyr, og dermed til bankar og pengemakt. Og småbonden måtte kanskje flytte frå der han hadde hus og heim som sto der, og framleis kunne vore nytta. Han måtte byggje hus på ein stad der han betalar fleire hundre tusen kroner berre til tomta før han har fått lagt den første grunnsteinen. Dermed er også han vorten offer for bankar og pengemakt.

Innbiller me oss å vere folkestyrde? Nei, me er pengestyrde. Men det treng me ikkje vere lenger enn me ligg under for ovtrua på pengane. Det vil seie at me må sjå og skjøne at pengane er verdlause i seg sjølv. Den eigentlege og sanne verdien ligg i folket og landet.

*Bondebladet 5/4-89*